

Alver kulturråd
v/leiar
Ivar Hopland

03. okt 2022

Kulturavdelinga
v/ Bente Kopperdal Hervik

Innspel frå Alver kulturråd

Plan: Temaplan for Friluftslivets ferdsselsårer i Alver kommune 2022-2026

Først vil Alver kulturråd beklage så mykje at dette kjem så seint. Det har vorte gløymt frå vår side.

Alver kulturråd består av medlemmar frå kulturrelaterte lag i kommunen. For å bli medlem i Alver kulturråd må laget vere godkjent av styret i Alver kulturråd. Medlemslaget i Alver kulturråd har ei mangeårig erfaring frå arbeid og aktivitet i lokalmiljøet sitt og er ein viktig aktør i samfunnsutviklinga.

Alver kulturråd har ein samla kompetanse på kulturfeltet som det er viktig å ta med i utvikling av Alver kommune som ein god stad å vere. Det er viktig for demokratiet og slutresultatet at medlemslaget får eigarskap til arbeidet som skal gjerast. Difor er det avgjerande at Alver kulturråd blir inkludert i planlegging så tidleg som mogleg og kan mobilisere kulturlivet. Informasjon som kjem inn på seinare tidspunkt kan både fordyre og forlenge prosjekt.

Alver kulturråd meiner det er gjort eit bra arbeid i kartlegginga. Rådet seier seg einig i at det er naudsynt med ei avgrensing grunna omfanget av eksisterande, og potensielle trasear, slik forslag til temaplan syner. Alver kulturråd registrerer at det er turtrasear som ikkje er nemt på det noverande tidspunkt, men som voneleg kjem med etter kvart.

Alver kulturråd vil minne om at det er viktig å sjå samanheng mellom eksisterande planar og tiltak og arbeidet som no gjerast, med nemte temaplan. Som døme kan nemnast koordinering av

- kartlegging og verdsetting av lokale friluftsområde
- skilting (turskiltprosjekt/kulturminneskilting/kulturlandskapsskilting/skuleprosjekt m.m.)
- gradering av løyper
- verning av stor slitasje i terrenget
- padleløyper og padlekart
- jakt og fiskeområder
- naturvernombord
- turkonkurransar (stolpejakt, turkort, turkasser med bøker m.m.)
- parkeringsplassar
- sykkelsatsing

På vegne av styret i Alver kulturråd



Ivar Hopland, leiar